



OPPDAL BYGDEKVINNELAG Årsmelding 2019



Årsmelding for Oppdal bygdekvinnelag 2019

STYRET	Leder	<i>Randi Horvli</i>
	Styremedlem	<i>Line Mjøen, ny 2 år</i>
	Styremedlem	<i>Edel Thyve Fjellvang</i>
	Styremedlem	<i>Olava Hagen Bøe</i>
	Styremedlem	<i>Ragnhild Rogogjerd</i>
	1.vara	<i>Torill Fløystad Dørum, ny 1 år</i>
	2.vara	<i>Hanna Vik</i>

Revisorar: Torhild Svisdal Mjøen og Marit Os Bjerkås.

Vara for revisor: Gerd Røtvei, 1 år

Turkomiteen: Marie Thyve og Karen Hoel Wognild

Fjellmessekomiteen: Karen Hoel Wognild, Marta Breen, Gerd Røtvei og Mari Rui Heiniger.

Vara: Åse Bjørndal Volden

Blomsterfondet: Marie Thyve. Vara Åse Bjørndal Volden

Valkomiteen: Hanna Vik 2 år, Marta Breen 2 år og Gerd Røtvei 1 år

Vi hadde årsmøte 29. oktober 2018 på Frivilligsentralen i Oppdal. Årsmøte valde følgende styre for laget:

Leiar Randi Horvli med nyvalt Ragnhild Rogogjerd og Edel Thyve Fjellvang saman med Marta Strømsvik Breen og Olava Hagen Bøe.

Vara for styret vart Marie Thyve og Hanna Vik. Marie har møtt fast og i staden for Edel som har vore permittert frå ein del styreoppgåver det siste halvåret.

Styret har halde styremøta sine på Frivillig-sentralen med unnatak av eitt møte som var heime hos leiar- til saman 5 møte.

Årsmøtet ga støtte til satsing på ny «bygg»-kveld med Einar Risvik i samarbeid med Aune barneskole. Der samla vi om lag 25 deltakarar- der halvparten var frå personale i ein barnehage i Oppdal. Servering denne kvelden: Frisk salat med byggrynsrundstykke til og raffelkaku, alt laga til saman med ei gruppe elevar i 6.trinn.

Denne gongen ville årsmøtet gje kr 20 000 til Blomsterfondet i Oppdal og kr 3000 til arbeidet blant kvinner i Guatemala- eit samarbeidsprosjekt mellom NBK og Utviklingsfondet. Bygdekvinnelagets medlem fekk eit lite innblikk i dette arbeidet da medlemmane var samla til adventsmøtet på Grøseth kafe.

Vi sette i gong stafettpinnen med gåve til Blomsterfondet på nyåret og laga medieoppslag om det. Vi har fokusert på å vera synlege i media dette året, både med annonsering av

medlemsmøte og artikkel om skolemat i samband med kommunevalet. Vi har gjennomført planer med unnatak av eit lefse/flatbrødkurs. Dette kjem medio november i staden. Det vart for få påmelde til at Aase Anita Midtskog kunne realisere dei to kursdagane i vår. Vi er med i ei landsdekkande satsing på norsk tradisjonsmat, og har fått kr 5000 til utgifter i samband med alle aktivitetar vi har i laget knytt til tradisjonsmat.

Vi har halde to opne medlemsmøte i vår-halvåret, det eine med tema kosthald og sjukdommen diabetes på Vognildsua, med besøk av diabetes-sjukepleiar Margit Gislevold Næss. Det andre om plast/mikroplast-forureininga med besøk frå fylkesveteran Mads Løkeland i Naturvernforbundet i Sør-Trøndelag i OMM. Vi var samla omkring 10 begge gonger, berre tre utanom medlemmane kom. Første helga i mai stilte medlemmer opp på dei populære Barnas verdensdagar med lefsebakst. Ved oppstart i haust møttest medlemmane på Det Runde Mathus til eit sjølvkosta varmmåltid og planlegging av Fjellmessa. Solid oppmøte (13 medlem) borga for satsing på dugnad i år også. Vi hadde særst godt resultat etter innsatsen på Fjellmessa og rettar ein hjerteleg takk til dei som var med særleg til frivillige som ikkje er medlem! Desse får gratis juletallerken på adventsmøtet vårt.

Til sommaropninga på Oppdalsmuseet stilte trufaste medlemmar. Ansvarleg for museet, Heidi Pawlic Carlson, uttrykte stor begeistring for at Oppdal bygdekvinnelags medlemmar er med og skaper eit levande museum denne dagen med bakst og smak av rabarbra og saft i Eldhus og på Sætra.

Årsmøtet tilrådde også Røros-tur til spelet Elden. Vi hadde håp om å fylle ein buss for Røros-tur, og det hjalp å annonsere ope for alle- 34 vart med, av dei ein tredjedel medlemmar. Det vart ei storslagen oppleving i den fine augustkvelden med drama oppi slagghaugane! Fin markering av 85 år som Oppdal bygdekvinnelag! Ideen om Rørostur kom året 2018 da laget feira 85 år på turisthotellet.

Når vi tenker tilbake på arbeidsinnsats særleg på Aune barneskole der alle skoleelevane i mellomtrinnet fekk smake byggvaflar, og på Fjellmessa der flest gamle «travarar» står på for kaffe-servering, er vi glade vi hadde helse til så store løft, og at så mange har glede av det vi lagar til. Samtidig skulle vi ønske at fleire og gjerne yngre krefter ser verdien og blir med.